

Møte om eksamen og vurdering i grunnskolen våren 2023

08.02.2023




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



09.02.2023

ORGANISASJONSKART 1. KVARTAL 2022





SFMR Strategiplan 2020 - 2023

Statsforvaltarens ansvarsområde og roller

Iverksetting av
nasjonal politikk

Samordning

Rettstryggleik

Informasjon og
kommunikasjon

Gjennomgåande perspektiv

FNs berekraftsmål



Livsløp folkehelse

Barn og unge


Likestilling og
inkludering

Digitalisering og
omstilling

Innsatsområde på tvers

Klima-
omstilling
gjennom
Klimasnu

Samfunns-
tryggleik
og
beredskap





Tema for møtet

Velkomen v/ fagleiar skole Elin Braa Rangnes

Informasjon om LK20 og nytt om vurderingsordningar v/ seniorrådgivar Annhild Lorentzen

- Standpunktkarakterar og klager på standpunkt – Kva såg vi i 2022?
- Eksamen i grunnskolen våren 2023

Kort pause

**Gjennomgang av sentrale funksjoner i PAS-Eksamen og gjennomføringssystem
v/ rådgivar Tone Malme**

- skoleeigarnivå
- skoleleiarnivå

Spørsmålsrunde?

Del 1. Innføringa av LK20 og nytt om vurderingsordningar

v/ seniorrådgivar Annhild Lorentzen





Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



09.02.2023



statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/



HER finn de informasjon og brev ut som gjeld eksamen:

- Viktige datoar
- Statistikk
- Lysark
- Kontaktinformasjon
- Oppmannsrapportar

(For full oversikt udir.no)



Forventninger og ansvar – nytt læreplanverk

I førebels tildelingsbrev for 2023 frå UDIR til Statsforvaltarane

«Statsforvalteren skal bidra til at skoleeiere, skoler og lærebedrifter forstår og etterlever Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20)»

I dette ligg det at Statsforvaltaren skal:

- ha innføringa av LK20 som tema i dialogen med skoleeigarar
- rettleie om regelverket
- bidra til at skoleeigarar forstår og etterlever endringar i vurderingsordningane
- bidra til ei sikker gjennomføring av våreksamen 2023
- beskrive tilstanden i sektor.



Innføringa av LK20

LK20 – nye læreplanar - vurderingsordningar



Endringar i forskrift til opplæringslova Kap. 3 og kap 4 Individuell vurdering



Sjå rundskriv [UDIR-2-2020 Individuell vurdering](#) for oversikt over endringane

- Undervegsvurdering (Omstrukturert, tydeleggjort og forenkla)
- **Sluttvurdering – tema på dette møtet**
 - Standpunktvurdering etter LK20
 - Ny eksamensform: munnleg-praktisk eksamen
 - Ny eksamen etter LK20: ny struktur, innhald og eksamensgjennomføringssystem



Kva har vore gjennomført i 2022?

Udir: Ekstra satsing på eksamen. Webinar om f. eks standpunkt etter LK20.
Eigne dialogmøter/webinarer for skoleeigarar

Statsforvaltaren:

- Våren 2022 fekk Statsforvaltaren i Møre og Romsdal nasjonalt ansvar for sentralt gitt eksamen for vaksne privatistar i grunnskolen. Gjennomføringa i nytt system gjekk godt!
- Eksamenssamlingar i grunnskolen i samarbeid med **regionane:** Fagdagar om ny eksamen etter LK20 i engelsk (1+1 dag) og matematikk (1+1 dag). Kurshaldarar var fagmiljøa som har hatt oppdraget med å utarbeide nye eksamenar i faga etter LK20. Om lag 350 lærarar deltok.
- 3. nov 22: I samarbeid med Udir arrangerte SFMR eksamenssamling for grunnskolen i faga norsk, engelsk og matematikk. Oppmenn var sentrale. Totalt deltok om lag 150 lærarar.

Kommunar og skolar: Vi opplever at det vert arbeidd aktivt med LK20 og nye vurderingordningar.



Forventingar og ansvar – nytt læreplanverk

Utdrag frå Udir sin artikkel:

Arbeid med læreplaner-
forventninger og ansvar

Skoleeigar har ansvar for:

- at elevane får opplæring i tråd med LK20
- å støtte, utvikle og styrke ein profesjonsfelleskap prega av aktiv deltaking, delingskultur, vilje til endring og kontinuerleg utvikling av praksis

Skolen skal:

- legge til rette for at profesjonsfelleskapet er prega av aktiv deltaking, delingskultur, endringsvilje og kontinuerleg utvikling av praksis
- planlegge progresjon og overgangar mellom trinn og skoleslag, arbeide med samanhengar i og mellom fag og legge til rette for elevmedverknad i læringsarbeidet



Nytt læreplanverk: Støtte til skolar

Kompetansepakka for innføring av nytt læreplanverk – no også med ein vurderingsmodul (også om standpunktvurdering): [HER](#)

- Introduksjon
- Modul 1: Overordnet del – verdiløftet i praksis
- Modul 2: Læreplaner for fag
- Modul 3: Dybdelæring
- Modul 4: Tverrfaglige temaer i overordnet del
- Modul 5: Profesjonsfellesskap og veier videre
- Modul 6: Vurdering og læring
- Modul 7: Læreplan i praksis NY**

Modul 6: Vurdering og læring

Modulen støtter skolenes arbeid med å videreutvikle vurderingspraksis i tråd med nytt læreplanverk og endringene i [vurderingsforskriften](#).

Denne modulen bygger på modul 2 og 5. De ulike delene i modulen henger sammen, og kan tas som en helhet eller som ulike deler over tid.

Modulen har seks deler:

- formål med undervisvurdering
- å gi retning for elevenes læring, i tråd med læreplanen
- å følge med på elevenes kompetanse og utvikling
- dialog om mestring, utvikling og videre læring
- helhetlig og integrert undervisvurdering i praksis
- standpunktvurdering

De fem første deler handler om undervisvurdering. Den siste delen legger til rette for arbeid med standpunktvurdering og er spesielt rettet mot ungdomstrinn og videregående skoler.



Andre aktuelle ressurser

- **Læreplanverket Kunnskapsløftet 2020 - [HER](#)**
Læreplanar, vurderingsordningar, støttemateriell mm
- **Om læreplanvisning og planleggingsverktøy for lærarar: [HER](#)**
Film frå Udir sitt webinar kjem
- **Kjenneteikn på måloppnåing: [HER](#)**



Ny eksamensform: Munnleg-praktisk eksamen

Lokalt ansvar

Bakgrunn for innføringa:

- Det utforskande og praktiske er i større grad vektlagt i dei nye læreplanane
- Kva som er «praktisk» må forståast ut frå den enkelte læreplan

Det går også fram av læreplanen for fag i punktet «Vurderingsordning» kva eksamenstype faget har:

Eksempel frå læreplan - Naturfag 10. trinn:

- Eleven skal ha éin standpunktarakter
- Eleven kan trekkast ut til munnleg-praktisk eksamen med førebuingssdel. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt

Udir: [Munnleg-praktisk: ny eksamensform for 10. trinn](#)

Fag med munnleg-praktisk eksamen:

Naturfag, arbeidslivfag, matematikk (og fordjuping i matematikk?)

I rundskriv UDIR-2-2020 Individuell vurdering: Merknader til forskrifta § 3-25:

- Inntil 45 min per kandidat
- Alle munnleg-praktiske eksamenar har ein førebuingssdel på minimum 24 timar og maksimum 48 timar – lengda på førebuingssdelen innanfor denne ramma skal skoleeigar avgjere

Om standpunktvurdering og klage på standpunkt 2022



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



09.02.2023



Regelverket for standpunktvurdering

Forskrift til opplæringslova:

- Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring
- Kapittel 4. Individuell vurdering i grunnopplæring særleg organisert for vaksne

Forskrift til privatskolelova:

- Kapittel 3. Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring





Grunnskolen: Standpunktvurdering etter LK20


Regelverk, rundskriv og tolking:

Forskrift til opplæringslova:

- [§ 3-3 Vurdering i fag](#)
- [§ 3-14 Sluttvurdering](#)
- [§ 3-15 Standpunktkarakterar i fag](#)
- [§ 3-8 Varsling](#)

Frå Utdanningsdirektoratet:

- Om [Standpunktvurdering](#)
- Rundskriv [UDIR-2-2020 Individuell vurdering](#)
- [Behandling av klager på standpunktkarakterar i fag](#)
- [Nye Kjenneteikn på måloppnåing etter LK20](#)



- **Standpunktvurderinga er eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avsluttinga av opplæringa**
- Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanen (LK20) i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten «*Om faget*» i læreplanen
- Eleven skal få høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måtar
- Kompetanse eleven har vist undervegs i opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal settast
- Eleven skal vite kva det vert lagt vekt på i fastsettinga av standpunktkarakter
- Føresetnader, fråvær, orden og åtferd skal ikkje inngå i vurderinga i fag. Innsats berre dersom det går fram av kompetansemåla i faget (t.d. kroppsøving)



Vaksenopplæring: Standpunktvurdering etter LK20


Regelverk, rundskriv og tolking:

Forskrift til oppl. Kap 4:

- [§ 4-3 Vurdering i fag](#)
- [§ 4-9. Sluttvurdering i fag](#)
- [§ 4-10 Standpunktkarakterar i fag](#)
- [§ 4-5 Varsling](#)

Utdanningsdirektoratet

- [Standpunktvurdering](#)
- Rundskriv [UDIR-2-2020 Individuell vurdering](#)
- [Behandling av klager på standpunktkarakterar i fag](#)
- [Nye Kjenneteikn på måloppnåing etter LK20](#)



Standpunktvurderinga er eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avsluttinga av opplæringa

- Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemåla i læreplanen (LK20) i faget. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten «*Om faget*» i læreplanen
- Deltakaren skal få høve til å vise kompetansen sin på fleire og varierte måter
- Kompetanse deltakaren har vist undervegs i opplæringa, er ein del av vurderinga når standpunktkarakteren skal settast
- Deltakaren skal vite kva det vert lagt vekt på i fastsetting av standpunktkarakter
- Føresetnader, fråvær, orden og åtferd skal ikkje inngå i vurderinga. Innsats skal inngå berre dersom det går fram av kompetansemåla i faget (t.d. kroppsøving)



Om varsling



Forskrift til opplæringslova § 3-8
Forskrift til opplæringslova § 4-5
Forskrift til privatskolelova § 3-8

**Dersom eleven ikkje har fått
varsel SKAL eleven ha
karakter i faget!**

§ 3-8. Varsling

Elevar og foreldre til elevar under 18 år skal varslast skriftleg dersom eleven står i fare for å

- a.** ikkje få karakter (IV) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i eitt eller fleire fag
- b.** få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) ved halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast straks det er klart at det er fare for nedsatt karakter eller bortfall av karakter, og skal gi eleven høve til å få karakter i fag eller ikkje få nedsett karakter i orden eller åtferd.

Grunnskoleopplæring særleg organisert for vaksne:

§ 4-5. Varsling

Deltakaren skal varslast skriftleg dersom det er tvil om deltakaren står i fare for å

- a.** ikkje få standpunktkarakter (IV) i eitt eller fleire fag
 - b.** ikkje få halvårsvurdering (IV) i eitt eller fleire fag.
- Varselet skal givast utan ugrunna opphald og gi deltakaren høve til å få karakter i faget.




Om sluttvurderingvurdering i matematikk

Ny læreplan etter LK20: Kompetansemål for 8. 9. og 10. trinn.

- Kompetansemåla etter 10. skal utgjere hovudgrunnlaget for sluttvurderinga fordi det er desse kompetansemåla eleven har jobba med fram mot sluttvurderinga.
- Kompetansemåla etter 10. trinn bygger på kompetansemåla etter 8. og 9. trinn, difor er det kompetansemåla etter 10. trinn som skildrar det forventa nivået ved avslutninga av opplæringa.
- **Standpunkt:** Det er rom for å trekke inn kompetanse eleven viser knytt til enkelte kompetansemål frå tidlegare trinn dersom lærarane vurderer det som relevant for å få eit meir heilskapleg bilde av eleven si samla kompetanse

Les meir på udir.no: [Sluttvurdering i matematikk etter 10. trinn](#)

Læreplan i matematikk 1.–10. trinn (MAT01-05)

 Språk |  Last ned |  Del

 Til overordna del

Om faget

[Fagrelevans og sentrale verdiar](#)

[Kjerneelement](#)

[Tverrfaglege tema](#)

[Grunnleggjande ferdigheiter](#)

Kompetansemål og vurdering

[2. trinn](#)

[3. trinn](#)

[4. trinn](#)

[5. trinn](#)

[6. trinn](#)

[7. trinn](#)

[8. trinn](#)

[9. trinn](#)

[10. trinn](#)

[Vurderingsordning](#)

[Gyldigheit og innføring](#)

[Fagkodar](#)

[Timetal](#)

[Faa- og timefordelina](#)



Om klager på standpunkt 2022

- Klagehandsaminga på standpunktkarakterar gir oss viktig informasjon om praksis i skolane - Vurdering er lakmustesten på læreplanforståing!

I 2022:

- Kraftig nedgang i talet klager: 26 klager på standpunktkarakterar i fag og ei klage på standpunktkarakter i åtferd. Kvifor?
- Statsforvaltaren oppheva karakteren i 65 % av klagesakene (2021: 79 %)
- Storparten av klagene er i **praktisk estetiske fag: 69 % av klagene**. Tek ein med valfaga utgjør klagene i **praktisk-estetiske fag og valfag 96 % av klagene!**
- Mest klager på karakterane 4 og 5



Om arbeidet med standpunktklager hos Statsforvaltaren

- Ei gruppe arbeider intensivt med standpunktklagene frå midten av juni
- 10. trinn har prioritet, så 8. og 9. trinn
- Vi er alltid minst to som les dokumentasjonen og drøfter – ein skriv vedtaket
- **Orden og åtferd** - Skil seg frå faga: Dersom Statsforvaltaren opphevar skolen sitt vedtak, fattar vi nytt og endeleg vedtak
- Statsforvaltaren har frå våren 2018 nytta digital sending ved klagebehandlinga. *Våre vedtak vert no sendt direkte til postmottak i kommunen som skal vidaresende til skolane.*
- Vi vil ha **kopi av nye vedtak frå skolen**



Om klager på standpunkt 2022

Dei fremste grunnane til at karakteren vert oppheva er at faglærar i sin uttale

- ikkje omtalar eleven sin samla kompetanse.
- at faglærar legg for stor vekt på nokre kompetansemål i faget
- har lagt vekt på utenforliggende moment som føresetnader, fråvær, orden og åtferd i standpunktvurderinga i fag
- at det til dømes er eit uklart skilje mellom faga fysisk aktivitet og helse og kroppsøving



Faglærer sin uttale ved klage på standpunktkarakter

Vi vurderer ikkje om karakteren er riktig eller ikkje.

Uttalen frå faglærer **må** difor vere utforma på ein slik måte at Statsforvaltaren kan sjå om regelverket er følgd.

Faglærer må i sin uttale difor :

- grunngje korleis standpunktkarakteren er eit uttrykk for eleven sin kompetanse ved avsluttinga av opplæringa
- skildre korleis eleven har fått vist sin kompetanse på fleire og varierte måtar
- Skildre/personifisere eleven sin samla kompetanse ut frå læreplanen i faget.
Teksten Om faget gir ei god innramming til kva «samla kompetanse i faget» kan vere.
- skildre korleis standpunktvurderinga er gjort på riktig vurderingsgrunnlag



Rektor skal alltid uttale seg før klagesaka vert oversendt til Statsforvaltaren

Rektor skal gjere greie for om saksgangen på skolen har vore i samsvar med forskriften.

Dette vil seie å:

- gjere greie for skolen sin prosedyre for fastsetting av standpunktkarakterar, samt tidspunktet for når den påklaga standpunktkarakteren er fastsett
- vurdere/kvalitets sikre faglærars uttale:
Er standpunktkarakteren fastsett i samsvar med krava etter forskrift til oppl.?
- ta stilling til om han/ho vurderer at faglærer sin uttale viser at standpunktkarakteren er sett i samsvar med regelverket





Klage på standpunktkarakter

- UDIR si rettleiing «[Behandling av klager på standpunktkarakterer i fag](#) er under revisjon. Følg med.
- Rettleiing på Statsforvaltaren si nettside [Eksamen og vurdering](#) (*Ny for 2023 kjem*)
- [Digitalt innsendingsskjema](#) på Statsforvaltaren si heimeside
- **Vi fekk ein del klagar (for) seint i fjor. Statsforvaltaren ønskjar dei inn utan «ugrunna opphald».**

SENTRALT GITT EKSAMEN 2023



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



09.02.2023



Statsforvaltaren sine oppgåver: Eksamen

Statsforvaltaren har som oppgåve å gjennomføre sensuren og klagebehandling på **skriftleg eksamen** i grunnskolen, vidaregåande opplæring og grunnskoleopplæring for vaksne og sjå til at dette er i tråd med forskrift og retningslinjer.

Å rettleie skolar og skoleeigarar i arbeidet med prøver og eksamen

Brukarstøtte PAS/PGS

Oppnemning av sensorar

Fordeling av sensorane i eksamenssystemet

Innkalling og gjennomføring av sensorskolering og fellessensur

Organisere klagebehandling v/ klager på eksamenskarakter

Utarbeide karakterstatistikk



Eksamen - Forskrift til opplæringslova

[§ 3-14. Sluttvurdering](#)

[§ 3-22. Om eksamen](#)

[§ 3-23. Ansvar](#)

[§ 3-24. Melding til eksamen](#)

[§ 3-25. Eksamensformer og varighet](#)

[§ 3-26. Trekk til eksamen](#)

[§ 3-27. Forberedelsesdel](#) (realitetsendring 2020)

[§ 3-28. Sensur](#) (realitetsendring 2020)

[§ 3-29. Særskilt tilrettelegging](#)

[§ 3-33. Bortvisning fra eksamen](#)

[§ 3-34. Annullering av eksamen](#)

Linkar frå Lovdata (utan innlogging)

Bestemmingane vert **utdjupa og må sjåast** i høve Udir sitt rundskriv

Individuell vurdering Udir-2-2020



- oppdatert ved endringar
- Rundskrivet gjeld så langt det passar for forskrift til opplæringslova **kapittel 4 (vaksne)** og **forskrift til privatskolelova kapittel 3.**



Skoleeigar sitt ansvar - eksamen

I forskrift til opplæringslova :

§ 3-23. Ansvar

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

➡ For lokalt gitt eksamen har skoleeigar ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærar skal utarbeide forslag til oppgåver.

➡ Skoleeigar har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar, og for å trekkje elevar til eksamen. Skoleeigar har ansvar for gi elevar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Dei har òg ansvaret for at privatistar får tilgang til slik informasjon.

Dei som er ansvarlege for å utarbeide eksamen, avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved forskrifter [29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra), [9 nov 2021 nr. 3172](#).



Skoleeigar sitt ansvar - vaksenopplæring

- Forskrift til opplæringslova:

§ 4-15. Ansvar

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

➡ For lokalt gitt eksamen har skoleeigar har ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærer skal utarbeide forslag til oppgåver.

➡ Skoleeigar har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar for deltakarar og privatistar, og for å trekkje deltakarar til eksamen. Skoleeigar har ansvar for gi deltakarar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Dei har òg ansvar for at privatistar i grunnskolen får tilgang til slik informasjon.

Dei som er ansvarleg for å utarbeide eksamen avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved forskrifter [29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, heile kap 4 endra), [9 nov 2021 nr. 3172](#).



Kommunen sitt ansvar - private skolar

- Forskrift til privatskolelova:

§ 3-23. *Ansvar*

For sentralt gitt eksamen har Utdanningsdirektoratet ansvaret for å organisere eksamen, utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget.

➡ For lokalt gitt eksamen har vertsfylket eller vertskommunen ansvaret for å utarbeide eksamensoppgåver, setje dato og for sensur, om ikkje anna er fastsett i læreplanen i faget. Faglærer skal utarbeide forslag til oppgåver.

➡ Vertsfylket eller vertskommunen har ansvar for å gjennomføre alle eksamenar, og for å trekkje elevar til eksamen. Skolen har ansvar for gi elevar informasjon om eksamen og kva det blir lagt vekt på i vurderinga.

Dei som er ansvarlege for å utarbeide eksamen avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i kvart enkelt fag.

0 Endra ved [forskrifter 29 juni 2020 nr. 1474](#) (i kraft 1 aug 2020, heile kap 3 endra), [9 nov 2021 nr. 3172](#).



Skoleeigar sitt ansvar – sentralt gitt eksamen

Kvar kommune skal ha ein person som har rolle i PAS-eksamen. Skoleeigar har m.a. ansvar for:

- Eksamenstrekke. For meir om dette sjå [HER](#) og i Udir-2-2020
- Brukarstøtte til skolane i PAS-Eksamen. Dette gjeld óg vaksenopplæring og privatskolar.
- Sørge for at skolane overheld fristar for blant anna påmelding av elevar til eksamen og forslag av fagpersonar.

• **Tenesteveg skal som hovudregel nyttast når noko oppstår:**



• **Sentralt:** Skoleeigar må ha oversikt over skolane i eigen kommune, både når det gjeld **gjennomføring**, men også **oppfølging på eksamens- og vurderingsområdet**

Skoleeigar og skoleleiing: Følg med på oppdateringar på udir.no - Administrere eksamen



Planlegge eksamen	Gjennomføre eksamen	Følge opp
Testeksamen	Forberedelsesdeler	Levering av eksamenssvar
Hva er nytt ved eksamen? NYTT	Pålogging, brukernavn og passord til eksamen	Sensur
Datoer for eksamener i grunnskolen	Eksamensoppgavene	Klagebehandling grunnskolen
Datoer for eksamener i videregående	Gjennomføring, identifisering av kandidater og overvåking av eksamen	Klagebehandling videregående
Trekk av eksamensfag	Bruken av hjelpemidler	Tilgang til eksamenssvarene
Påmelding av eksamenskandidater NYTT	Brukerstøtte og hjelp	
Foreslå fagpersoner som sensor	Bruk av kilder	
Kandidater med behov for særskilt tilrettelegging NYTT	Juks og konsekvenser av juks	
Krav til utstyr på eksamen NYTT		
Informasjon til IT-ansvarlige		
Innføringsark		



Udir - Informasjonsmøte om heildigital eksamen og prøver

Utdanningsdirektoratet arrangerer (E-post utsendt)

Målgrupper:


- Skoleeigarar og dei som har ansvar for organisering og teknisk gjennomføring på skolane
- IT-ansvarlege (og andre som bistår teknisk med eksamen)

Tidspunkt: Måndag 13. februar 09:00-11:00

Møtet er todelt:

Informasjon til IT-ansvarlege: 09:00-10:00

Informasjon til skoleeigarar m. fl: 10:00-11:00



Link til møtet også i Udir sin kalender.

Oppslag frå media og sosiale media vinteren 2023

Ålesund kommune

Mange lærere sier nei til å være sensor – det kan ramme eksamen for 10. trinn

For fjerde år på rad kan eksamen bli avlyst for elever på 10. trinn i Ålesund, advarer hovedtillitsvalgt for Skolenes landsforbund (SL), Christian Holstad Lilleng, i et varsel til kommunen.

– Vi sender Ålesund kommune et varsku om at sykemeldingene kan bli mange utover våren, sier lærer og hovedtillitsvalgt for SL i Ålesund, Christian Holstad Lilleng.

Han forteller at SL får mange tilbakemeldinger om at lærerne ikke kommer til å prioritere sensoroppdrag i år. Han viser til at lærerne ikke kan beordres til eksterne sensoroppdrag, og frykter at det ikke vil bli nok sensorer til å gjennomføre årets grunnskoleeksamener.



Status Lærer · 6. januar kl. 09:47 · 🌐

Jeg merker nå at det er et visst press på oss lærere for å melde oss som sensorer til muntlig eksamen. Med utgangspunkt i beslutningen om tvungen lønnsnemnd i høst, bestemte mange ved vår skole seg for å si nei til sensoroppdrag til sommeren. Dette var vår måte å markere motstand mot tvungen lønnsnemnd på. Nå "trues" det med at det ikke blir muntlig eksamen ved vår skole om vi ikke stiller med sensorer. Greit nok. Det manes til omkamp om det klubben besluttet tidligere. "Det vil bli bråk." Hvordan er det på andre skoler? Tar dere sensoroppdrag? Er det flere som sier "nei" i år? I høst fikk jeg iallfall inntrykk av at det var mange på denne siden som var tydelige på at de ikke skulle melde seg som sensorer i sommer. Hvordan er situasjonen nå?

👍 148 188 kommentarer 3 delingar

Lærere sier nei til å være sensor på eksamen i protest mot tvungen lønnsnemnd

Flere lærere sier nei til sensoroppdrag for å markere motstand mot resultatet av streiken i fjor. – Jeg velger å si nei i år, for aller første gang på 20 år som lærer, sier Christina Bjørnsdatter Langballe.



Publisert onsdag 11. januar 2023 - 13:40

Sist oppdatert onsdag 11. januar 2023 - 14:10

«Dette var vår måte å markere motstand mot tvungen lønnsnemnd på», skriver lærer Geir Hjermsstad i et innlegg på Facebook-gruppa Status Lærer.

Han viser til at flere lærere ved hans skole, Åmot ungdomsskole på Rena i Innlandet, vil si nei til sensoroppdrag i år. Så spør han hvordan situasjonen er på andre skoler, og over 170 kommentarer har kommet i kommentarfeltet under innlegget.

Der melder en rekke lærere at de ikke akter å ta oppdrag som eksterne sensorer i år, og at det bunner i frustrasjonen etter lønnsoppgjøret som endte med tvungen lønnsnemnd.

ANNONSE



Gratis
videreutdanning



Spørring til skoleeigar om status og risiko – eksamen og standpunkt

Udir ba Statsforvaltarane om å undersøke risikoar for eksamensgjennomføringa og for standpunkt - 2023.

Vår samanfating av svara dykkar skal vere å med danne grunnlag for ei risikovurdering for våreksamen

Fleire element som til saman gir auka risiko for gjennomføringa av **eksamen 2023**:

- Det er fire år sidan sist det vart gjennomført eleveksamen
- Eksamen er endra etter nye læreplanar
- Eksamen skal gjennomførast i både gamal og ny gjennomføringsløyising
- Regulering av digitale hjelpemiddel har blitt meir kompleks etter lanseringa av ChatGPT
- Informasjon frå statsforvaltarar, medier og sosiale medier kan tyde på at det er ein risiko for at vi ikkje får rekruttert nok sensorar til våreksamen



Læraren sine oppgaver - Eksamen

Gje opplæring og vurdering i tråd med læreplanane i faga

- Førebu elevane på eksamen – både munnleg og skriftleg
- Gå gjennom eksamensrettleiinga i faget
NB! Sjå særleg på tekst om bruk av kjelder og vurderingskriterier.
- Gjere elevane kjende med ny eksamen – eksempeloppgåvene

Ressursar på Udir:

- Samleside: [Forberede og ta eksamen](#)
- Video: [Skal du ta skriftleg eksamen?](#)
- [Eksamensveiledninger + eksempeloppgåver](#) Hugs å sjekke at det er 2023-utgåva.



UDIR: Førebu og ta eksamen – for lærarar og elevar

Før eksamen

- ▼ Hva er nytt ved eksamen?
- ▼ Årets eksamensveiledninger og annet eksamensmaterieill
- ▼ Gamle eksamensoppgaver
- ▼ Eksamensrapporter og eksamenssvar med karakter
- ▼ Tilrettelegge for elever med særskilte behov
- ▼ Trekk av eksamensfag

Under eksamen

- ▼ Forberedelsesdag og forberedelsesmaterieill
- ▼ Tidspunkt for sentralt gitt eksamen
- ▼ Innlogging på eksamensdagen
- ▼ Bruken av hjelpemidler
- ▼ Bruk av kilder
- ▼ Juks og konsekvenser av juks
- ▼ Lever eksamenssvar anonymt
- ▼ Hvordan får elevene tilgang til eksamenssvaret?

Etter eksamen

- ▼ Når er eksamenskarakterene klare?
- ▼ Hvordan klage på karakteren?



Felles for alle nivåa med ansvar for eksamen

Udir sin artikkel [Endringer i eksamen etter nye læreplanar](#) gir ei kortfatta, men god oversikt for skoleeigar, skoleleiing og lærarar:

- Faglege endringar
- Eksempeloppgåver
- Digitalisering av eksamen

The screenshot shows the Udir website with the article 'Endringer i eksamen etter nye læreplaner'. The page includes a video player with the title 'Hvorfor endrer vi eksamen?' and a woman speaking. Below the video, there is a text block explaining the changes in digitalization and subject changes in exams. The article is dated 31.01.2023 and includes options to download the PDF or print it. There are also two dropdown menus: 'Hva betyr endringene for gjennomføring av eksamen' and 'Endringer i eksamen'. At the bottom, there is a section for 'Eksempeloppgaver'.



Satsing på eksamen skoleåret 2022-23

	Innhald/tiltak	Dato	Deltakarar	Form	Ansvarlege
1	Oppdateringer på udir.no <ul style="list-style-type: none">• Informasjon om eksamen• Nye modular i kompetansepakke	Fortløpande oppdatering	Alle	Digitalt	Utdanningsdirektoratet
2	Eksamenssamling – grunnskolane i Møre og Romsdal <ul style="list-style-type: none">• Link til påmeldinga: HER	Torsdag 03.11.2022	Sensorar og potensielle sensorar i grunnskolen	Digital heildag	<i>Fagleg innhald:</i> Utdanningsdirektoratet <i>Arrangør:</i> Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
3	Webinar om endring i eksamen	Februar <i>Dato kjem</i>	Åpen for alle	Digitalt	Utdanningsdirektoratet
4	Sensorskolering – grunnskolen	28.03.2023	Oppnemnde sensorar	Dagssamling, Gardermoen	Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Statsforvaltaren M&R
5	Forsterka sensorskolering – grunnskolen	Førebels dato 05.06.2023	Oppnemnde sensorar	Fysisk, Molde	Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Statsforvaltaren M&R

Frå Statsforvaltaren si heimeside:
[Eksamen og vurdering](#)

Punkt 3 – Udir sitt webinar vil bli erstatta med informasjon på udir.no



Oppmannsgrupper – sentralt gitt eksamen

- **Desse sensorane har ei særleg viktig rolle i sensuren:** Dei får ekstra skolering, bidreg i kursing av medsensorar, kvalitetssikring av sensuren, skriv rapportar til UDIR mm.

Fag	Oppmann og varaoppmann	Assisterande
Norsk	Anne Mette Korneliussen , Måndalen skule Arild Nedregotten, Giske us	Magnus Bergum Oltedal, Bekkevoll us Ingunn Holm Roppen, Ulstein us
Engelsk	Vidar Halvorsen , Spjelkavik us Siw Annichen Lundquist, Sunndal us	Jan Halvard Holmøy, Sykkylven us <i>Kjem i løpet av februar</i>
Matematikk	Frode Myklebust , Kolvikbakken us Asta Hoem, Bekkevoll us	Geir Ove Søyseth, Sør-Tustna skole Torill Lind, Stranda us



Viktige datoar eksamen 2023 – grunnskolen

(pr. 08.02.23)

13. februar	Informasjonsmøte om heildigital eksamen og prøver, Udir E-post til skoleeier/kommunen veke 4. Link til møtet
1. mars	<ul style="list-style-type: none">• Frist for påmelding av kandidatar og registrering av fagpersonar• Frist for bestilling av ekstra materiell til kandidatar
16. og 17. februar	Testeksamen - både gamalt og nytt gjennomføringssystem. <i>Sjå Tone sin presentasjon.</i>
28. mars	Sensorskolering – sentralt gitt eksamen 2023, Gardermoen. (Dagssamling) Samlinga er obligatorisk for oppnemnte sensorar. Arrangør: Udir i samarbeid med Statsforvaltarane.
27. og 28. april	Testeksamen - både gamalt og nytt gjennomføringssystem <i>Sjå Tone sin presentasjon.</i>
12. mai	Kunngjering av trekket kl. 09.00
Veke 21: 22. - 25. mai	Eksamensperiode for sentralt gitt eksamen i grunnskolen 2023: Udir - Eksamensplan
(31. mai-1. juni) 5. juni	<ul style="list-style-type: none">• (Forhåndssensur, Udir. Målgruppe: Oppmenn og vara /evt heile oppmannsgruppa)• Forsterka sensorskolering, Molde. Alle sensorar. (Dagssamling)
20. juni	Fellessensur i Molde
1. juli	Frist for å levere klager (eksamen) i PAS-Eksamen



Skoleeigar har ansvar for nettløysingar under eksamen

Problemstillinga er:

- dei nye eksamenane krev internett (norsk og engelsk heildigitale)
- ope internett er ikkje tillatt
- elevar og vaksne deltakarar skal sikrast tilgang til eit avgrensa utval nettbasete hjelpemiddel under sentralt gitt eksamen

Sjå Udir:

- [Bruken av hjelpemiddel](#)
- [Nasjonale føringar for nettbaserte hjelpemiddel \(gs\)](#)
- [Endringer i eksamen](#)
- [Krav til utstyr på eksamen](#)
- [Informasjon til IT-ansvarlege](#)

Konsekvensar dersom elevane ikkje får tilgang til dei nettbaserte hjelpemidla



- **Formell feil: «Dersom skoleeier eller skolen ikke ivaretar føringene for antall nettbaserte hjelpemidler, kan det bli regnet som formell feil under eksamensgjennomføringen. Utdanningsdirektoratet kan i så fall annullere eksamen» (jf. § 3-34)**

Planlegg og ver i forkant:

- Dersom de i forkant av eksamen er kjent med at nettilgangen under eksamen vil vere svært dårlig, bør skoleeiger sørge for reserveløysing. Dette kan for eksempel vere å legge hjelpemiddel offline.
- Stor pågang på nettsider under eksamen kan føre til at nettsidene «heng»/er treige. Tiltak kan vere at skoleeiger til dømes opnar for fleire ordbøker.



Hjelpemiddel

Udir: [Bruken av hjelpemidler](#)

«Med hjelpemidler menes alle kilder og verktøy, både fysiske og digitale, du kan benytte deg av for å besvare eksamen, for eksempel egne notater, bøker, lovlige nettsider eller ordbøker.»

- **Førebuingdagen:** alle hjelpemiddel er tillatne, inkludert kjelder på internett
- **Eksamensdagen:** ulikt frå fag til fag. Alle hjelpemiddel er tillatne, men avgrensa tal hjelpemiddel på nett. Ingen kommunikasjon, ingen bruk av tekstgenerator (Chatbot) eller samskriving.
- **Ved todelt eksamen (matematikk):**
 - Del 1:** Skrivesaker, linjal, passer og vinkelmålar
 - Del 2:** Alle hjelpemiddel er tillatne, men avgrensa tal hjelpemiddel på nett. Ingen kommunikasjon, ingen bruk av tekstgenerator (Chatbot) eller samskriving.



Fusk - Grunnskolen

Fusk er:

- å kommunisere med andre under eksamen
- bruk av automatisk tekstgenerator som chatbot eller tilsvarende teknologi
- å bruke program for omsetjing i språkfaga
- Matematikk: å bruke andre hjelpemiddel på **Del 1** enn dei som går fram i regelverket

Merk at:

- dersom ein ser/mistenker at ein elev fuskar har eleven rett til å få fullføre eksamensdagen.
- eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor evt. fattar enkeltvedtak om annullering
- sensor kan også oppdage fusk/forsøk på fusk. Sensor tek då kontakt med skolen og SF
- klageinstans: Statsforvaltaren

Konsekvensar av fusk:

- **eksamen annullert**
- **eleven mister standpunktkarakteren i faget**

Jf. forskr. til oppl. [§ 3-34](#)
fjerde og femte ledd



Plagiat og plagiatkontroll

Kva er plagiat?

- Plagiat er **ikkje** det samme som fusk.
- Ein plagiatkontroll avslører graden av usjølvtendighet – manglande kompetanse i å vise til kjelder.
- Elevane må få opplæring i å oppgje kjeldene sine på ein etterretteleg måte. Sjå t.d. eksamensrettleiinga i faget. **Elevane må ha opplæring i dette!**

Konsekvens av plagiat:

Det kan vere vanskeleg å sjå eleven sin individuelle kompetanse. Sensor ser vekk frå delane av tekst som er markert som plagiat. **Resultat:** *Kan føre til lågare måloppnåing.*

Udir.no: *Administrere eksamen [Bruk av kilder](#)*

Ny plagiatkontroll

- **Norsk og engelsk:**
ALLE elevsvar plagiatkontrollert automatisk
- Elevsvara vert kontrollert mot alle andre elevsvar (i tillegg til andre kjelder)



Særskild tilrettelegging av eksamen (§ 3-29)

Gjeld kandidatar som treng særskild tilrettelegging for å få vist kompetansen sin – Les meir på Udir: [HER](#)

Tilrettelegging skal ikkje gi fordeler, ikkje avhjelpe manglande kompetanse, ikkje endre eksamensform slik at eleven ikkje blir prøvd etter kompetansemåla i faget

Tilretteleggingar kan til dømes vere:

- utvida tid, «kvilerom», opplesing av oppgåvetekst, oppgåva på teiknspråk eller punktskrift, tale-til-tekst-program, skrivehjelp og/ eller andre tenelege tilretteleggingar

Korleis gå fram?

- Foreldre sender søknad til rektor, som fattar enkeltvedtak
- Krev ikkje vedtak om spesialundervisning
- Statsforvaltaren er klageinstans

Lyd på førebuingsdel og eksamen:

Førebuingsdelar med lesestøtte (tekst-til-tale):

- norsk hovedmål og sidemål
- engelsk
- Samisk (+ norsk for elevar med samisk som førstespråk)

Eksamensoppgavene i

matematikk blir innlest som lydfiler. Påmeldte kandidatar som skal ha tilgang til lydfiler? Alle skolar finn filene i PAS – eksamen fra kl 07.00 på eksamensdagen.



Elevar med fritak frå vurdering i skriftleg sidemål

Endring:

- Elevar med fritak frå vurdering i skriftleg sidemål skal no berre ha ein eksamensdag. Tidlegare hadde desse elevane to eksamens dagar.
- **Dei skal berre meldast opp i norsk hovudmål NOR0218.**



Eksamen - diverse

- **Førebuingdagen er ein del av eleven sin eksamen.**

Dersom eleven var (dokumentert) sjuk på førebuingdagen treng eleven ikkje ny legeerklæring for sjølve eksamensdagen – gjeld både munnleg og skriftleg. Eleven kan også velje å gjennomføre eksamen sjølv om han/ho var sjuk på førebuingdagen.

- Sjå meir i [UDIR-2-2020 Merknader til § 3-27](#)

- **Eksamensformer og varigheit**

Skriftleg eksamen startar klokka 09:00. Forseinka kandidatar som kjem før klokka 10:00 skal få gjennomføre eksamen, men får ikkje tilleggstid pga forseinkinga. Kandidatar som møter etter klokka 10:00 får ikkje gjennomføre eksamen.

Som hovudregel får ikkje kandidatar forlate eksamenslokalet før kl 10:00.

- Sjå meir i [UDIR-2-2020 Merknader til § 3-25](#)



Sentrale lenker frå udir.no

Vurdering:

- Rundskriv [Individuell vurdering Udir-2-2020](#)

Eksamen:

- [Eksamen](#) – Utdanningsdirektoratet sine samlesider om eksamen. Her finn de informasjon som gjeld oppgåver før, under og etter eksamen, rammeverk for eksamen med meir
- [PAS – Eksamen](#)
- [Viktige meldingar - Eksamen](#)
Fortløpande meldingar dersom det oppstår sentrale feil i oppgåver eller andre situasjonar under eksamensperioden. Følg med på denne!

Dokumentasjon - Førings av vitnemål:

- [Føring av vitnemål og kompetansebevis for grunnskolen i Kunnskapsløftet – 2023](#)





Til informasjon: Om eksamen 2024

**Udir har bedt oss informere om
eksamensperioden og sensur
2024 (neste skoleår)**

Fellessensur våren 2024

Datoene for fellessensuren våren 2024 blir 19.juni - 21.juni.

På grunn av plasseringen av helligdager vil første eksamensdag for sentralt gitt skriftlig eksamen være 21.mai.

Udir vil publisere fullstendig eksamensplan så fort den er klar.

PAS-eksamen

Administrasjon og gjennomføring

Ved rådgivar Tone Malme



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



09.02.2023

PAS-eksamen

PAS-eksamen

Administrasjon og gjennomføring av eksamen

- **Sentralt gitt eksamen (gs + vgo)**
- (Lokalt gitt eksamen (vgo))

Kandidat – *kandidat.udir.no*

Kandidatmonitor:

- **Eksamen i nytt system:**
 - Monitor i PAS-eksamen
- **Eksamen i gamalt system (PGS):**
 - Monitor i PAS-eksamen
 - Det er framleis mogleg å logge inn i monitor via *pgsa.udir.no*

PAS-prøver




PAS-prøver

Administrasjon og gjennomføring av prøver

- **Nasjonale prøver**
- **Kartleggingsprøver**
- **Utprøvingar**



Logg inn i PAS-eksamen via ID-porten eller Feide

UTDANNINGSDIREKTORATET 

VELG ELEKTRONISK ID

- MinID** **MINID**
Med kode fra SMS eller PIN-kodebrev
- bankID** **BANKID**
Bruk BankID-app, kodebrikke eller BankID på mobil
- buypass** **BUYPASS ID**
Bruk Buypass ID i smartkort eller mobil
- COMMFIDES** **COMMFIDES**
Med smartkort

[Slik skaffer du deg elektronisk ID](#)

 Nynorsk ▾

Innlogging med Feide

 Du må logge inn via Feide for å få tilgang til Dataporten.

Tilhørslse 

Fortset

Treng du hjelp? 

[Personvern og informasjonskapslar](#)

Feide blir levert av Sikt

Dersom problem med å logge inn:

Ta kontakt med brukarstøtte for ID-porten / Feide.



Kontakt skjema Tlf: 800 30 300 Hjelp til innlogging Sikkerhet og personvern

Driftet av Digitaliseringsdirektoratet



Ansvarsområder og funksjonar for kommunenivå i PAS-Eksamen

Fleire funksjonar gjeld også skolenivå



Rydd i tilgangane!

- Skoleeigar er ansvarleg for at eksamen skjer etter regelverket.
- Skoleeigar MÅ difor kontrollere at berre dei som skal administrere eksamen har roller som skoleadministrator+ og skoleadministrator.
- Alle andre SKAL ha rolla EKSAMENSVAKT på aktuell(e) fagkode(r).
(Kandidatgruppeansvarleg har endra namn til Eksamensvakt)
- **Grunnen er at alle med rolle som skoleadministrator+/skoleadministrator har tilgang til trekket.**



Er telefon, e-post og adresser som er registrert på skolen rett?

Det ser for eksempel ut som eksamensoppgåvene i matematikk blir sendt til den besøksadressa, som er registrert 22.02.

Difor MÅ alle skolar sjekke dette i PAS-eksamen:

- **E-post**
- **Telefon**
- **Adresser** (postadresse og besøksadresse) – frist 22.02

Adresseendringer skal gjøres i Nasjonalt Skoleregister senest 22.02 (én uke før påmeldingsfristen). Etter denne datoen må du i tillegg gå tjenestevei for å endre adressen midlertidig slik at eksamensoppgåvene og besvarelser sendes til riktig besøksadresse.

- **Endringar skal gjerast i Nasjonalt skoleregister (NSR)**
<https://nsr.udir.no>

Kommune (skoleeigar)



Eksamen → **Brukere** Skoler Sensuransvar Klageansvar Eksamensmaterieill Eksamensgjennomføring Søk Brukerstøtte Kommune

Brukere

Søke opp og redigere personalia, samt fjerne evt. brukarrolle



Brukere (119)

Navn	Fødselsdato	Epost	Mobil	Brukergruppe
Abdullah Ali Georgsen	12.12.1994	abdullah@dalla.no		
AgneZ Aslaksen	14.11.1952	agnes@aslaksen.no		
Alexander Kjielland	28.04.2002	alexander.kjielland@pas2.no		
Alexander Söderlund	01.01.1975	Alex@aaaa.no		
Anne Nordmann	09.09.1990	anne@test.no		
Anton Martin Schweigaard	11.02.1915			
Are Administrator	04.05.1950	are.administrator@pas2.no		
Arve A. Svendsen	20.03.1980	arve.svendsen@skole.no		
